



# ÅTFERD- OG ORDENSREGLAR FOR ELEVAR VED ALVERSUND SKULE

Hausten 2018

På Alversund skule skal alle oppleva å høyra til. Me vil at alle skal oppleva meistring og læring i eit trygt og god skolemiljø.

Heimla: fastsett av SU 30.05.2018 med med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-9.

Formål er å regulere elevane sine rettar og pliktar på skulen så lenge det ikkje er fastsatt i lov eller på anna måte, jf. opplæringsloven § 9 A-10

Ordensreglane gjeld i skuletida. SFO samt skulevegen er og ein del av skuletida.

Utafor skuletida: Ordensreglane vil og ha betydning og ein kan sanksjonera med bakgrunn i ordensreglane viss det får direkte innverknad på skulekvarden.

## Trivselsreglar

1. Eg trives når alle har det bra
2. Eg trives når eg har vene
3. Eg trives når alle seier fine ting til kvarandre
4. Eg trives når ingen blir mobba
5. Eg trives når eg er trygg
6. Eg trives når eg er i fysisk aktivitet
7. Eg trives når alle er med kvarandre
8. Eg trives når det er godt klassemiljø
9. Eg trives når det er god stemning

## Ordensreglar – alle har ansvar for

1. å møta budd til skuledagen dvs ha bøker, utstyr, klede og lekser i orden.
2. å møta presis til timane
3. at det er arbeidsro
4. å gjera ein god innsats, tileigna deg gode arbeidsvanar, og vera delaktig i undervisninga
5. å ta vare på mitt eige og andre sitt utstyr
6. å ta vare på skulebygget, inventar, utstyr og bøker
7. å vera med å halde orden ute og inne  
og så må me hugsa på at:
8. Sykkelen eller andre liknande transportmiddel må vera i forsvarleg stand. Vi må følgja trafikkreglane, og brukा hjelm og refleks. Sykkelen skal oppbevarast ute i skuletida.

## Åtferdsreglar

1. Vis folkeskikk, og opptre høfleg og med respekt overfor alle andre ved skulen
2. Elevar og tilsette skal helsa på kvarandre når første skuletime byrjar, og elles når det er naturleg
3. Hald nødvendig arbeidsro i skuletimane
4. Bruk av skulen sine datamaskiner og bruk av Internett skal gå føre seg i samsvar med skulen sine reglar for nettvett
5. Skulen skal setje grenser for leik som kan medføre fare, eller leik som kan medføre ubehag, t.d. snøballkasting. Elevane skal halda seg på skulen sitt område
6. Utstyr eller gjenstandar som kan forstyrra undervisninga eller vere til skade eller ubehag for andre, skal ikkje takast med på skulen

7. Alle elevane skal oppleva ein god positiv og trygg skulekvardag. Hærverk, vald, mobbing, rasistiske utsegn eller handlingar og all form for sjikane, krenking eller trakassering er forbode.  
Desse reglane gjeld og på skulevegen, og der det får inverknad på skulekvardagen også utafor skuletida
8. Mobiltelefonar eller anna elektronisk samanliknbart utstyr skal vera avslått og ikkje takast fram i skuletida
9. På skulen har ein ikkje med seg snop/tyggegummi utan etter avtale.

#### Når reglane vert brotne vil følgjande skje:

##### Samtale

- Utgangspunkt: eleven har rett til å bli høyrt og uttala seg før det blir gjeve ein disiplinærreaksjon
- Ved mindre brot på reglane, samtale mellom eleven og den vaksne som fangar opp hendinga
- Gjentar handlinga seg skal kontaktlærar samtala med eleven.

##### Andre reaksjonar, konsekvensar/sanksjonar

- Arbeid som ikkje vert gjort i timen/på skulen, må gjerast på anna tidspunkt
- Om negativ åtferd ikkje endrar seg, kan eleven måtte ha undervisning andre stadar enn saman med klassen.
- Anna reaksjon kan vera inndraging av friminutt eller beskjed om å halda seg på tilviste områder, eller møte før vanleg skuletid/attsitjing.
- Ulovlege, eller farlege gjenstandar vert dregne inn og berre levert ut att til føresette
- Brot på regelen om snop/tyggis medfører at lærar/den vaksne tar snopet frå eleven og gjev det tilbake til eleven etter skuletid

##### Melding heim

- Ved gjentekne brot, skal kontaktlærar melde frå til heimen, munnleg eller skriftleg
- Kontaktlærar og heimen vurderer om saka skal følgjast opp med eit møte og kven som skal vera med på møtet

##### Mobbing og andre krenkingar

- mobbing og andre krenkingar vedt handtert etter skulen sin handlingsplan mot krenkingar, sjå under.

##### Mobil og nettvett

- Brot på reglane om mobilbruk aller anna elektronisk utstyr, medfører at utstyret vert beslaglagt for resten av dagen, og vert gjeve tilbake til eleven etter skuletid.

##### Erstatning

- Ved øydelegging av materiell eller skade på eigedom som skuldast grov uforsiktigkeit eller overlegg vil heimen måtte erstatte det som er gjort skade på med 500 kroner. (vedtak SU 30.05.2018). Skulen og heimen kan og avtala at eleven ordnar/ryddar opp etter seg viss det er teneleg og mogleg.

##### Bortvisning

- Skulen kan ved alvorleg eller gjentatte brot på ordensreglementet visa ein elev bort frå skulen. Dette kan kunn gjerast for enkelttimar eller resten av dagen. Eleven skal alltid få forklart seg. Det skal fattast enkeltvedtak som kan påklagast fylkesmannen. Det er berre rektor som kan bortvisa ein elev ut over ein skuletime.

# **SKULEN SIN HANDLINGSPLAN MOT MOBBING OG ANDRE KRENKINGAR**

Tidlegare vart dette kalla skulen sin handlingsplan mot mobbing. Kapittel 9A i opplæringslova er nyleg revidert og gjeldande frå 01.07.17. Kapittelet omhandlar elevane sitt psykososiale skolemiljø og dei tilsette si aktivitetsplikt. Elevane har rett til eit trygt og godt skolemiljø. Skulen sin plikt til å handla om elevane sine rettar ikkje er ivaretatt gjeld ikkje berre om eleven blir mobba, men ved all form for krenkingar. Skulen har ei plikt til aktivt å undersøkja, avdekkje og handla (aktivitetsplikta).

Felles overordna mål:

Alversund skule skal:

- ha nulltoleranse mot vald, mobbing, rasistiske utsegn eller handlingar og all form for sjikane, krenking eller trakasseringar.
- Arbeida målretta for å førebyggja krenkande åtferd ovanfor einskildelevar eller grupper.
- Ansvarleggjera alle tilsette i forhold til lovverk og planar for eit trygt og godt skolemiljø.
- Ha førebyggjande tiltak på alle nivå i skulen
- Ha tydeleg struktur og ansvar for handtering av konfliktar og krenkingar.

Grunnlaget for skulen sin handlingsplan mot krenkingar er blant anna:

- Opplæringsloven Kapittel 9A med rettleiingar.
- ["Forskrift for miljørettet helsevern i barnehager og skoler"](#) med rettleiingar.
- Skulen sitt ordens- og åtferdsreglement
- Lindås kommune og skulen sine rettningslinjer for eit godt skolemiljø

## **Døme på ulike formar for krenkingar/mobbing**

- Verbalt → Mobbing ved bruk av kallenamn, seja stygge ting, å erta, baksnakka, fleipa eller å komma med ekle kommentarar
- Fysisk → Med ein gong den som vert mobba vert tatt på, pirka på eller vert slått eller sparka, vert det kalla fysisk mobbing.
- Psykisk → Her skjer mobbinga ved at offeret vert truga eller tvunge til å gjera noko.
- Utestenging → Det å halda nokon utanfor eller frysa ut nokon er også mobbing, om det skjer over tid. Dette vert også kalla sosial mobbing.
- Digital → Denne type mobbing kan inkludere dei andre formene, og handlar primært om at mobbinga skjer ved hjelp av nye verktøy barna har tilgang til, som internett og mobiltelefon. Mobbarane brukar sms, mms, mobilkamera, e-post, bloggar og heimesider som sine midlar. Ein ser ofte ikkje kven som mobbar.

Det er viktig å understreka at opplevinga av krenking er subjektiv. Definisjonsretten ligg hjå den som føler seg utsett for krenkingane. Ved alvorleg mobbing, vil fleire av mobbeformene nemnt over opptre samtidig.

## **AVDEKKING AV KRENKING OG ARBEID MOT KRENKINGAR OG ANNA NEGATIV ÅTFERD**

### **1. Kjenneteikn på at ein elev vert krenka/mobba kan vera:**

- Meldingar frå medelevar om at eleven blir plaga.
- Hovudverk før/etter skulen.

- Sjuk utan å vera sjuk.
- "Vondt i magen".
- Vil helst ikkje ut i friminutta.
- Held seg for seg sjølv i friminutta, går ofte ut aleine.
- Konsentrasjonsvanskar.
- Skuleprestasjonane vert dårlegare.
- Kjem heim med øydelagde klede og bøker.
- Held seg nær dei vaksne.
- Er mykje saman med yngre elevar.
- Svakt sjølvbilete.

## **2. Førebyggjande tiltak:**

### **På skulenivå:**

- Trivselstiltak.
- Gode aktivitetstilbod i friminutta.
- Alle tilsette veit kva aktivitetsplikta betyr og arbeider konsekvent etter denne
- God inspeksjonsordning i friminutta. Tydelege, konsekvente og samkøyrd vaksne:
  - Vaktene brukar vest. Dei har ansvar for eit definert område.
  - Dei vaksne møter presist til utevakt.
  - Vaktene må gripa inn i situasjonar som kan utarta seg.
  - Dei skal også slå ned på ufin munnbruk.
  - Vaktane noterer episodar på eigen meldelapp/skjema som kontaktlærar skal få.
  - Viktig at lærar/assistent møter presis til timen for å sikra god overgangar.
- Årshjul.
- Handlingsplanen vert drøfta av alle rådsorgan og i personalet kvart år.
- Aktuelle ordensreglar- og åtferdsreglar.
- Skolemiljø og mobbing vert teke opp som tema på foreldremøte kvar haust.

### **På klassenivå:**

- Felles opplevingar og trivselstiltak for klassen. Føresette involvert.
- Innføring av klasseregler mot mobbing/krenkingar, jamleg repetering.
- Klassemøte minst kvar 14 dag der tema er mobbing/krenkingar. Forebyggjande.
- Sosiale mål på vekeplanen.
- Samtale i "der og då" situasjonar. Tydelege og interesserte vaksne.

Generelt er eit godt læringsmiljø viktig for at elevar skal trivast på skulen. Det er viktig at ein arbeidar med det psykososiale miljøet heile tida. Skulen vil arbeida aktivt for gode relasjonar mellom elevar og mellom elev og lærar. Gode relasjonar opnar opp for læring og meistring. Skulen ser at også at det er viktig å ha stort fokus på forebygging.

Bruk av digitale verkty er blitt ein del av kvardagen til elevane. På fritida nyttar mange av elevane nettet som ein sosial møteplass. Her kan det lett oppstå mobbe-situasjonar. På Alversund arbeidar vi aktivt for at elevane skal verta gode og ansvarlege nettbrukarar.

## **3. Avdekking**

### **På skulenivå:**

- Bruka elevundersøkinga og andre spørjeundersøkingar om mobbing/krenkingar kvart år.
- Mobbing/krenking som tema i fellestid, på storteam og trinnteam kvart halvår.
- Direkte tilbakemeldingar til kontaktlærar i samband med inspeksjon (vaktmelding).
- Drøfta elevane sitt psykososiale skolemiljø med elevråd og FAU kvart halvår.

### **På klassenivå:**

- Trivnad på skulen og arbeidet mot krenkingar/mobbing er tema i elevsamtalet kvart halvår.
- Kontaktlærar innarbeidar rutinar for at det skal vera lett å seia i frå om plaging/mobbing av medelevar.

#### **4. Tiltak når krenking/mobbing vert avdekkja:**

- Få stoppa handlinga
  1. Undersøkja situasjonen.
  2. Oppklaringsrunde for å få greie på kva som har hendt.
  3. Snakka med involverte partar.
- Informasjon til kontaktlærar og skuleleiinga.

##### Ved første gongs melding om mobbing og andre krenkingar gjer ein dette:

- Alvorleg samtale med den som krenkar
  - Ansvar: kontaktlærar og skuleleiinga.
  - Det viktige i samtalen med den som krenkar:
    1. Signalisera at "vi veit" (dokumentasjon).
    2. Meld frå om at krenkinga skal ta slutt.
    3. Signalisera at den vidare utviklinga vil bli følgd opp.
    4. Det vert negative konsekvensar om ikkje handlingane straks tek slutt.
    5. Heimen vert informert.
- Samtale med den som er utsett for krenkinga
  - Ansvar: Kontaktlærar og skuleleiinga.
  - Det viktige i samtale med den som er utsett for krenkinga:
    1. Informasjon til lærar om dei faktiske tilhøva i saka.
    2. Gje den krenka eleven støtte og forsikring om at krenkinga skal ta slutt.
    3. Informera eleven om tiltak.
    4. Gjera avtale med eleven om at han/ho må fortelja til kontaktlærar om det blir gjort nye forsøk på mobbing og anna form for krenking.
    5. Heimen vert informert.

##### Ved andre gongs eller seinare melding om krenking gjer ein dette:

- Samtale med foreldra til den som krenkar
  - Ansvar: kontaktlærar og skuleleiinga.
  - Det viktige i samtalen med foreldra til den som krenkar::
    1. Informasjon om dei faktiske tilhøva i saka.
    2. Utarbeida avtalar/konsekvensar om ikkje mobbinga straks tek slutt.
    3. Avtala oppfølgingsmøte.
- Samtale med foreldra til den som blir utsett for krenkainga
  - Ansvar: kontaktlærar og skuleleiinga.
  - Det viktige i denne samtalen med foreldra til den som blir utsett for krenking:
    1. Informasjon til foreldra om dei faktiske tilhøva i saka.
    2. Gje foreldra til eleven som vert mobba/kenka støtte og forsikring om at krenkinga skal ta slutt.
    3. Informera om tiltak.
    4. Avtala oppfølgingsmøte.

##### Støtte til den som vert krenka

- Må få forsikring om at skulen skal syta for at mobbinga/kenkinga tek slutt.
- Må få støtte av/samtale med lærar som eleven har tillit til.
- Må få ekstra omsorg og positiv merksemd for å byggja opp positiv sjølvkjensle.
- Må få hjelp til å unngå krenking den første tida.

Det er viktig at skulen kan avdekka og finne tiltak mot mobbing og anna form for krenking på lågast mogleg nivå. Dette har med relasjon til elevane å gjere.

**REKTOR/SKULELEIINGA SKAL ALLTID VERA INFORMERT VED AVDEKKING AV MOBBING OG ANNA FORM FOR KRENKINGAR**

**5. Nokre moglege konsekvensar for ein elev/elevar som har brote regelen om ikkje å mobba eller på anna vis krenka andre.**

- Å be den som er blitt krenka om orsaking.
- Av "eiga lommebok" erstatta klede og anna utstyr som er blitt øydelagt.
- Verbal irettesetjing med klar spesifisering av kva som ikkje er akseptabelt.
- At den vaksne har ein alvorleg samtale med eleven om det som har hendt og kva som blir forventa framover.
- Å la eleven ha "time-out".
- Å la eleven halda seg i nærlieken av ein voksen som har inspeksjon, i eit visst tal friminutt.
- Å ta kontakt med foreldra til eleven.
- Å senda eleven til alvorleg samtale med rektor eller inspektør.
- Å la eleven missa eit eller anna privilegium eller attraktiv aktivitet.
- Ha tett oppfølging av eleven over ein periode.

Aktivitetsplata tilseier at du skal gripa inn umiddelbart ovanfor mobbesituasjonar. Det skal setjast inn tiltak. Du må dokumentere det som blir gjort. Rektor skal varslast. Andre samarbeidspartnarar vert trekt inn ved behov. Leiinga i kommunen vert informert ved alvorlege brot eller når skulen har behov for samarbeid og assistanse. PPT er ein instans som skulen arbeidar tett med heile tida. Andre samarbeidspartnarar kan vere skulehelsetenesta, tverrfaglege utval, politiet og barnevernet.